

DEN NORSKE KYRKJA.

Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd,  
v/kyrkjeverje/dagleg leiar Elisabeth Myhre,  
Slidrevegen 20,  
2966 Slidre

**Til Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet,  
Kirkeavdalingen,  
Postboks 8004 Dep,  
0030 Oslo.**

**Høyringsuttale til Forslag til endringar i gravferdsforskrifta.**


Vedlagt ligg Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd si høyringsuttale til endringar i gravferdsforskrifta .

Uttala vart vedtatt på møte i Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd 09.10.2012.

Slidre 29.10.2012

Med venleg helsing

Elisabeth Myhre  
kyrkjeverje



DEN NORSKE KYRKJA  
Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd,  
v/kyrkjevevje / dagleg leiar Elisabeth Myhre  
Slidrevegen 20,  
2966 Slidre

## Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd.

**Særutskrift Sak 20/2012**

Saksnr.20/2012

Arkivkode: 008

**Saksbehandlar:** Elisabeth Myhre

Saksnummer	Utval	Møtedato
20/2011	V.S.kyrkjeleg fellesråd.	09.10.2012

### HØYRING TIL FORSLAG I ENDRINGAR I GRAVFERDSFORSKRIFT.

**Vedtak:**

Kapittel 3. Forskriftene bør gje opning til å fråvike kistekravet ved gravlegging når eit slikt ønske er grunna i religionen eller livssynet til den døde. Det bør ikkje vera kyrkjeleg fellesråd som avgjer, men forskriften bør tilsi at dispensasjon skal gjevast. I så fall må det stillast vilkår om at dei etterlatte sjølv fyller att grava, men ein tilsett i den lokale kyrka må vera tilstade.

Vestre Slidre har ikkje krematorium. Krematoria må sjølv avgjera om etterlatte kan vera tilstade ved kremasjon.

Kapittel 8. Vestre Slidre har ikkje gravferder laurdagar. Laurdag bør likevel tas med som virkedag.

Slidre 29.10.2012

Elisabeth Myhre  
kyrkjevevje